

Årsmelding for Sogn og Fjordane Venstre 2019

Fylkesstyret har bestått av leiar Jan Henrik Nygård, nestleiarane Trude Risnes og Daniel Gangeskar, og styremedlemmer Alfred Bjørlo, Gunnar Osland, Astrid Hoffart, Gunhild Berge Stang og Ole Martini (UV). Varamedlemmer har vore Åge Avedal, Maria Collet Knagenhjelm, Jon Ove Lomheim. Revisorar er Vigdis Tønning og Aslak Nyhammer.

Sidan årsmøtet i Jølster er det i 2019 halde 5 styremøte, og 22 saker er handsama. I tillegg har vi hatt fire felles styremøte med Hordaland i 2019. Styret har fadderordning, og medlemmene har hatt ansvar for kvar sine kommunar og lokallag og det er prøvd å følgd opp jamleg gjennom året.

Jan Henrik Nygård har vore medlem av landsstyret. Sveinung Rotevatn er medlem i sentralstyret.

I året som er lagt bak oss har vi hatt fokus på samanslåing med Hordaland Venstre, arrangert samlingar saman, drive valkamp og sendt innspel til statsbudsjetta og kandidatar til verv i sentral- og landsstyre i Venstre. Politisk sett har tema som regjeringssamarbeid, utflytting av statlege arbeidsplassar og distriktspolitikk vore sentrale i år også. Jamlege fylkesinfo er utsendt til lokallaga.

På landsmøte 2019 møtte Jan Henrik Nygård, Trude Risnes, Alfred Bjørlo, Gunhild Berge Stang, Gunnar Osland, Jacob Nødseth og Ole Martini. Åge Avedal var observatør.

Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt felles valkamputval, og medlemmer frå Sogn og Fjordane var Åge Avedal, Bjørn Arne Mjåseth og toppkandidaten Gunhild Berge Stang. Valkamputvalet vart utvida i april/mai med Ole Martini, Alfred Bjørlo og fylkessekretærene. Det var tilsett valkampsekretær frå 20. mars til valdagen, Anton Engen.

Interimsstyret som vart samansett våren 2018 og har jobba opp mot samanslåinga til Vestland Venstre. Interimsstyret er Alfred Bjørlo (leiar), Trude Risnes, Daniel Gangeskar (UV) Kari Østervold Toft (Venstrekvinnelaget) og Åsta Årøen.

Valnemnda til fylkesårsmøte vart valt i oktober og vart samansett slik: Leiar: Judith Kapstad, Kariann Myklebust Fagerli, Arild Raftvoll, Kjersti I. Vevatne, Petter S. Ulriksen, I tillegg møtte Unge Venstre med Ole Martini og Venstrekvinnelaget med Kari Østervold Toft.

Anne Mette Hjelle er varamedlem i valkomiteen til Venstre sentralt

I januar, februar, mai og november hadde vi felles styremøte med Hordaland Venstre, der vi har arbeidd med prosessen med samanslåing av fylkeslaga og felles LPN. Det er godt samarbeid i fylkesstyra.

Vi har saman med Hordaland Venstre invitert til to lokalpolitiske nettverk (LPN) i meldingsåret. LPN i mai og i november. Begge samlingane var i Bergen.

Fylkeslaget delte ikkje ut miljøpris dette året. Det kom ingen innspel frå lokallaga, og vi vedtok då å ikkje dele ut pris i 2019.

Sogn og Fjordane Venstre fekk i haust besøk av leiar i valkomiteen Per A Thorbjørnsen der vi kunne komme med forslag til kandidatar til verv i Venstres sentral- og landsstyre.

Medlemstalet pr. 31.12.2019 er 319 betalande medlemmer, 355 registrerte. Dette er ein liten nedgang frå 2018 på 4 betalande medlemmer. 15 medlemmer er i tillegg Venstre-venner.

Totalt har 41 meldt seg inn i 2019 og 61 har meldt seg ut, eller er fjerna frå registeret. Venstre sentralt ryddar i medlemsregisteret kvart år, dei som ikkje hadde betalt siste to åra vart tekne vekk frå listene.

Med denne årsmelding vert det sett punktum for Sogn og Fjordane Venstre. Fylkeslaget har vore samlande for venstrelaga i fylket. Fylkesstyret vil rette ei stor takk til alle som har bidrege så langt, og særleg sekretariatet som har haldt i trådane. Vi går over i ei ny fase ved etablering av Vestland Venstre med den styrke og moglegheit for gjennomslag som det gjev til beste for våre medlemmer lokalt og nasjonalt.

Jan Henrik Nygård
Fylkesleiar
Sogn og Fjordane Venstre